



## Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Vinje Kommune  
Vinjevegen 192  
3890 Vinje

Dato: 09.04.2026  
Arkivkode: K2-K40  
Dykkar ref.  
Vår ref. 24/592-15  
26/6504  
Jarle Lunde

### **KLAGE PÅ VEDTAK I PLAN- OG MILJØUTVALET OM Å GI DISPENSASJON TIL UTVIDING AV HAUKELISETER FJELLSTUE, SAK 42/2026**

Arbeidsutvalet i Villreinnemnda hadde møte 09.04.2026 der ein i sak 010/26 vedtok følgjande:

*Villreinnemnda for Setesdalsområdet, ved arbeidsutvalet, klagar på vedtak i Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune om å gi dispensasjon til utviding av Haukeliseter fjellstue, sak 42/2026.*

*Nemnda vurderer at tiltaket kjem i konflikt med dei nasjonale og regionale villreininteressene i området, og at vedtaket er i strid med Heiplanen, naturmangfaldlova §§ 8–12 og statlege planretningslinjer.*

*Tiltaket ligg i eit viktig og sterkt belasta funksjonsområde mellom Setesdal–Ryfylke og Hardangervidda villreinområde, der trekkfunksjonen er kraftig redusert og der samla belastning frå ferdsel, infrastruktur og arealbruk allereie er høg. Standardheving og auka bygningsmasse vil etter nemnda si vurdering kunne føre til auka ferdsel over tid, sjølv om talet på sengeplassar formelt er uendra.*

*Det ligg ikkje føre ei tilstrekkeleg og sjølvstendig vurdering av naturmangfaldlova i kommunen si saksbehandling. Dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 kan ikkje givast når nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett, og når ulempene er større enn fordelane. Desse vilkåra er ikkje oppfylte.*

---

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.  
Tlf: 404 18 967  
E-post: [jarle.lunde@suldal.kommune.no](mailto:jarle.lunde@suldal.kommune.no)  
Nettside: [www.villrein.no/setesdal-nemnd/](http://www.villrein.no/setesdal-nemnd/)  
[www.suldal.kommune.no](http://www.suldal.kommune.no)



*Villreinnemnda ber på dette grunnlaget om at vedtaket blir omgjort. Klagen blir sendt til Vinje kommune for ny vurdering og vidare handsaming i tråd med forvaltningslova §§ 28–32.*

*Villreinnemnda ber om at klagen vert gitt oppsettande verknad, jf. forvaltningslova § 42, slik at tiltaket ikkje kan setjast i verk før klagesaka er endeleg avgjort.*

Saksframlegg med vedtak er vedlagt.

Med helsing

Jarle Lunde  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur*

**Kopi til:**

Statsforvalteren I Vestfold Og Telemark

Telemark Fylkeskommune

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet

Postboks 2076 3103 TØNSBERG

Postboks 2844 3702 Skien